



Møre og Romsdal fylke



Helse og Omsorgsdepartementet  
Einar Gerhardsens plass 3 (S-blokken)  
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 37465/2009/	Åse Ellen Bergdal Slattem, 71 25 88	23.10.2009

## Uttale frå Møre og Romsdal eldreråd

# Verdighetsgaranti i eldreomsorga

Helse- og omsorgsdepartementet sende i juni 2009 ut på høyring eit forslag om endringar i kommunehelsetenestelova om rett til eit verdig tenestetilbod, og eit forslag om ny forskrift med heimel i kommunehelsetelova og sosialtenestelova om ei verdig eldreomsorg (kalla "verdighetsgarantien").

Fylkeseldrerådet har ikkje fått saka til høyring, men vil likevel kome med kommentarar/ meiningar om saka.

Dagens situasjon i eldreomsorga er ikkje tilfredsstillande.

Dette faktum slår riksrevisjonen fast i ein rapport frå 2.7.2009. Undersøkinga som underbyggjer dette omfattar personar over 67 år, og viser mellom anna at sjølv om det er blitt fleire hender i eldreomsorga og er oppretta fleire sjukeheims plassar, er tilgangen på sjukeheims plassar blitt dårlegare. Årsaka er at utbygginga av sjukeheims plassar ikkje held tritt med den sterke auken i talet på eldre.

Riksrevisjonen peikar og på manglar i samarbeid og kommunikasjon mellom fagpersonar i kommunar og helseforetak. Manglande utveksling av informasjon fører til at mange eldre ikkje får koordinert og heilskapleg helsetilbod.

Riksrevisjonen er også kritisk til bruken av deltidstillingar og overdreven satsing på omsorgsbustader.

Etter at pressemeldinga om verdighetsgarantien vart presentert har det kome ein del kritiske kommentarar i avisene. Karakteristikkar som er blitt brukt er bl.a. lite forpliktande, lite nytt i høve til dagens lovverk og vage og uklare løfte i høve til korleis garantien skal finansierast.

Fylkeseldrerådet vil peike på tre sentrale forhold som vi meiner må på plass for å få til ei verdig eldreomsorg:

1. Ein nasjonal, realistisk, konkret plan for å sikre kommunar og helseforetak nok fagpersonell i eldreomsorga.
2. Øyremerka midlar til utbygging av eldreomsorga i kommunane (på linje med utbygginga for full barnehagedekning).
3. Lovfesta rett til sjukeheims plass der anna tilbod ikkje er tilfredsstillande ifølgje legeerklæring.

Fylkeseldrerådet i Møre og Romsdal

Målfrid Mogstad, leiar

Johannes Vaag, nestleiar

Kopi:  
kommunale eldreråd